



# Årsmelding Eid kyrkjelege fellesråd 2015

## **1. Innleiing**

Året 2015 har vore nok eit aktivt arbeidsår. Restaureringsarbeidet på orgelet i Eid kyrkje vart fullført denne hausten. Kjølisdalen kyrkje feira 75-års jubileum samstundes som kyrkjelyden fekk ny sokneprest. Hausten 2015 var det kyrkjeval – og derved utskiftingar både i sokneråda og fellesrådet.

I staben har dette også vore eit år med fleire utskiftingar av prestar medan dei fellesrådstilsette stort sett har hatt stabil bemanning i alle stillingane.

## **2. Fellesråd og tilsette**

### **2.1 Fellesrådet**

Fram til Kyrkjevalet var fellesrådet samansett slik:

Frå Eid sokn:

Oddvar Os – leiar

Pers. varmedl. Per P. Oos

Sigrunn Heggen Leivdal – nestleiar

Pers. vamedl. Bjørg Melheim

Frå Stårheim sokn:

Håvard Orheim

Pers. vamedl. Jostein Hanebrekke

Olaug Vedvik

Pers. vamedl. Reidun Borgstrand

Frå Kjølisdalen sokn:

Sonja Hatlenes

Pers. vamedl. Lars Frode Humborstad

Vidar Hatlegjerde

Pers. vamedl. Janne Midthjell

Kommunal representant:

Lars Svein Drablø

Pers. vamedl. Magne Øyra

Geistleg representant:

Prost Rolf Schanke Eikum

Pers. vamedl.:

sokneprest Carsten Mrusek (til 15/8)

Etter valet hausten 2015 er fellesrådet slik samansett:

Frå Eid sokn:

Berit Heien Heggen – leiar

Pers. vamedl. Kari Standal Pavelich

Ulf-Inge Kjerpeseth – nestleiar

Pers. vamedl. Dag Inge Dæmring

Frå Stårheim sokn:

Kjartan Myrøld

Pers. vamedl. Arnstein Ivesdal

Tone Lillian Stokke

Pers. vamedl. Reidun Borgstrand

Frå Kjølisdalen sokn:

Lars Frode Humborstad  
Dianne Eikås

Pers. varamedl. Merete Duestøl  
Pers. varamedl. Caroline Erviksæter

Eid kommune sin representant:

Arild Nøstdal

Pers. varamedl. Sissel Helen Ommedal

Geisteleg representant:

Prost Rolf Schanke Eikum

Pers. varamedl. ....

Fellesrådet har hatt 5 møte og handsama 41 saker i 2015.

### 2.1.1 Underutval i fellesrådet

Fellesrådet har hatt følgjande underutval:

➤ Kyrkjeleg administrasjonsutval (partsamansett utval)

Fellesrådet sine representantar : Oddvar Os - leiar, Sigrunn Heggen Leivdal – nestleiar, Sonja Hatlenes, vara Håvard Orheim. Tilsette sin representant: Finn Arve Sundal, vara Bjørg Risøy. Administrasjonsutvalet har ikkje hatt møte i 2015.

➤ Forhandlingsutval/tingingsutval ;

Medlemmer: Sigrunn Heggen Leivdal - leiar, Oddvar Os, vara Olaug Vedvik.

Utvalet har heller ikkje hatt møte i 2015.

Nye medlemmer i utvala er førebels ikkje oppnemnde etter kyrkjevalet hausten 2015.

Kyrkjeverja er sekretær for administrasjonsutvalet og forhandlingsutvalet/tingingsutvalet

### 2.2 Tilsette

Kyrkjeverje/dagleg leiar	Kristen Hundeide	100%
Organist II	Ingvard Sundal	20%
Sekretær	Cecilie Vestbøstad Marta Jenny Elvebakke	50% (fram til 1. desember) vikar (til 1. desember – deretter fast tilsett)
Ungdomsprest	Kaare Michael Christoffersen	100%
Arbeidsleiar kyrkjegard	Finn Arve Sundal	100%
Kantor	Ralph Cupper	100%
Musikalsk barne- og ungdomsarb.	Asbjørn Eikenæs	20%
Kateket	Beate Folkestad Osdal	60% (+ 20% ekstra stilling frå 01.09.16 – dekket av Bjørgvin bispedøme)
Trusopplærar	Solveig Orheim Nome	60% (sjukepermisjon)
Kyrkjetenar	Bjørg Risøy	80%
Kyrkjetenar	Knut Hans Røed	7,1 %
Kyrkjetenar	Per Hagen	11%
Kyrkjetenar	Randi Heggheim	15%

Sekretæren ved kyrkjekontoret har utført deler av sekretærtjenesta for prostene. Prostestillinga har fast arbeidsplass på Eid kyrkjekontor. Prosten har færre gudstenester i Eid, og reiser meir i heile prostiet. Frå 1. september vart buplikta for prestar oppheva. M.a. grunna dette valde prostene å flytte til ny bustad i Ørsta frå 1. november; og er soleis no pendlar til Nordfjord.

Seniorpresten har vore brukt i Eid og har vore med i Kjølisdalen sokneråd som sokneprest i Kjølisdalen. Seniorprest/prostiprest Sigurd Vengen gjekk av med pensjon frå 31. august. Henny Koppen er tilsett som ny prostiprest – og ho er også sokneprest i Kjølisdalen. Grunna sjukdom og trong for vikar i soknepreststillinga i Stryn har Henny Koppen førebels ikkje hatt høve til å utføre så mykje presteteneste i Eid.

Sokneprest Carsten Mrusek slutta også i stillinga som sokneprest i Eid og Stårheim i august for å ta til i ny stilling som sokneprest i Jondal. Førebels har det ikkje lukkast å få tilsett ny sokneprest – men til glede både for tilsette og kyrkjelydar har vi hittil hatt ein glimrande vikar i pensjonert sokneprest Olav Sigurd Gundersen. Gundersen deltek også i konfirmantarbeidet og har blitt svært populær hos konfirmantane.

Etter lang tids sjukmelding var heldigvis ungdomsprest Kaare M. Christoffersen tilbake i full stilling frå 1. november.

Cecilie Vestbøstad var tilsett som kontormedarbeidar fram til 1. desember. Sidan mars månad har ho hatt svangerskapspermisjon – og Marta Jenny Elvebakke har vikariert i stillinga. Frå 1. desember er Marta fast tilsett som kontormedarbeidar.

Kateket Beate F. Osdal har, saman med ungdomsprest Kaare Michael Christoffersen og vikarprest Olav Sigurd Gundersen, hatt ansvaret for konfirmantarbeidet. Beate har også teke ansvar for trusopplæringsarbeidet då Solveig Nome har sjukepermisjon. Fram til årsskiftet 2015/2016 var Heidi H. Isene innleigd på timebasis som hjelp i trusopplærings- og ungdomsarbeidet.

Asbjørn Eikenæs deltek i trusopplæringsarbeidet i 20% stilling som er finansiert av trusopplæringsmidlane. Asbjørn er ein uvurderleg musikalsk ressurs både ved Stårheim Barnekor og ved Babysongen – i tillegg til andre oppgåver der musikalsk medverknad er ønskjeleg.

Kyrkjegardsarbeidar Finn Arve Sundal er no attende i 80% av stillinga.

Ralph J. Cupper er kantor i Eid i 100% stilling. Ingvard Sundal er tilsett som Organist 2 i 20% stilling.

Bjørg Risøy har 80% stilling som kyrkjetenar. Ho er kyrkjetenar ved alle kyrkjelege handlingar i Eid kyrkje og fast kyrkjetenar i Stårheim kyrkje ved gravferder, vigsler, o.l. Knut Hans Røed er kyrkjetenar i Stårheim ved vanlege gudstenester. I Kjølisdalen kyrkje er Randi Heggheim kyrkjetenar og Per Hagen er kyrkjetenar i Heggjabygda kyrkje.

Johannes Nome har teke seg av planting på og stell av gravene som har avtale om gravfond. Han får betalt ein fast sum årleg for kvar grav han steller. Summen er avhengig av 2 alternativ for planting og stell.

### **2.2.1 Arbeidsmiljø og personalarbeid**

Å arbeide for betre samhandling og meir teamkjensle i staben er ei stor utfordring i ein arbeidsstokk med mange deltidstillingar, der arbeidsplassane i tillegg er ulike. I året som har gått har vi lagt mykje vekt på at vi alle skal føle at vi er ein del av ei samla eining – sjølv om staben er samansett av personar med to forskjellige arbeidsgjevarar. Ved hjelp av godt samarbeid frå både prestane og dei tilsette i fellesrådet føler vi at vi har lukkast med dette. Særleg i eit år med mykje utskiftingar og vikarteneste blant prestane er det svært gledeleg å sjå at dei nye som kjem inn finn seg godt til rette og vidarefører det gode samarbeidet som føregjengarane hadde. Arbeidsmiljø og samarbeid mellom dei kyrkjeleg tilsette er soleis godt. Kvar tysdag føremiddag er det stabsmøte på kyrjekontoret. Der deltek dei som er tilsett i høgast prosent stilling (40% eller meir). Eid Kyrkjelege Fellesråd takkar både prestane og dei fellesrådstilsette for godt og konstruktivt arbeid, og samarbeid, i 2015. Særleg takk til Olav Sigurd Gundersen for framifrå presteteneste og samarbeid i staben!

### **2.2.2 Likestilling**

I likestillingslova § 1a nemnast det at offentleg styresmakt skal arbeide aktivt, målretta og planmessig for likestilling mellom kjønna. Arbeidsgjevar skal arbeide aktivt for dette innafor si verksemd. I offentleg sektor er det krav om å gjere greie for likestillingssituasjonen i verksemda og kva som vert gjort i den samanheng.

Ved utgangen av 2015 var det 13 tilsette i Eid kyrkjelege fellesråd, 5 kvinner og 8 menn. Det er mange deltidstillingar.

Ved avlønning følgjer ein hovudtariffavtala for KA sitt tariffområde - som er kjønnsuavhengig.

## **3 Prosjekt og faste tiltak**

### **3.1 Oversikt over gjennomførte og planlagde oppgåver i kyrkjer og på kyrkjegardar**

**Eid kyrkje.** Arbeidet med restaurering og vedlikehald av orgelet vart slutført hausten 2015. Frå oktober 2014 har store deler av orgelet vore på fabrikk til Bower & Co, i Norwich i England til restaurering og opp-pussing. I september 2015 kom Richard Bower tilbake til Eid kyrkje med orgelet – og arbeidet med montering, tilpassing og stemming kunne ta til. Det har vore eit svært omfattande arbeid; som m.a. inneber eit heilt nytt spelebord laga hos Bower & Co.

Medan det store orgelet var til restaurering har vi fått låne eit lite Chester orgel frå Richard Bower. Dette vesle orgelet har gjordt trufast teneste i snart eit år i kantor Ralph Cupper sine kyndige hender. Kantor har likevel gledd seg til det eigentlege orgelet skulle bli klart til bruk att – og den 31. oktober kunne endeleg Ralph fylla kyrkja med lyden frå det nyrestaurerte instrumentet på vigslingsgudstenesta for det «nye» orgelet. Kantor Ralph er svært tilfreds med arbeidet som er utført – og med eit velfungerande instrument, og Ralph ved tangentane, har det vore berre vel-læte å få frå kyrkjelyden!

Våren/sommaren 2015 byrja vi også på det utvendige vedlikehaldet av Eid kyrkje. Både vestveggen og sørveggen vart skrapa heilt ned, metta med linolje og måla med 3 strøk. I tillegg vart deler av listverk kring vindauge og dører skifta ut, dekorlister på søyler og døpningar vart skifta og dørene vart slipte ned og måla opp att. Det er Dør og Vindusvern på Vigra som har hatt oppdraget – og dei har utført svært godt arbeid. Av økonomiske årsaker har vi måtte dele prosjektet over to år. Vedlikehald/måling av dei to resterande veggane og tårnet skal soleis utførast i 2016.

**Stårheim kyrkje.** Kyrkja vart opprusta til jubileumsmarkeringa i 2014, m.a. med utbetring av råteskader og måling av kyrkja. Også innvendig fekk kyrkja eit "løft" med m.a. nye gardiner, projector og lerret, samt automatisk brannvarsling. Stårheim kyrkje fekk også nye benkeputer til jubileet, i gåve frå Stårheim sokneråd. Det er også inngått kontrakt på nødvendig vedlikehald av orgelet i Stårheim kyrkje. Dette er ein del av same prosjektet som restaurering av orgelet i Eid kyrkje – og skal utførast på staden i april 2016.

**Heggjabygda kyrkje.** Parkeringsforholda ved kyrkja er svært utilfredstillande. Det har vore dialog med grunneigaren om parkeringsareal og fellesrådet har avsett midlar til opparbeiding. Det er inngått muntleg avtale med Eid kommune om utføring av arbeidet. Det er også avsett midlar til nytt sanitærbygg/toalett ved kyrkja. Heggjabygda kyrkje skal målask i 2016. Før dette kan gjerast må det utførast nødvendig vedlikehald på bordkledning og inngangsportal. Organisten ynskjer også å få på plass ei lydskjerming mellom spelepulten og orgelpipene slik at den som spelar ikkje vert høyrselsskada.

**Kjølaldalen kyrkje.** Etter omfattande renoveringsarbeid dei siste åra er kyrkja no i svært bra stand. Det har derfor ikkje vore utført større vedlikehaldsoppgåver her i 2015. Likevel er det ein del innvendig vedlikehald, m.a. måling av kyrkjebenkane, som bør gjerast.

I alle kyrkjene vil det vere tenleg med fjernstyring av varmen. Dette vil då kunne bli styrt frå kyrkjekontoret via data. Kostnaden med dette er likevel slik at det førebels ikkje kan prioriterast i "konkurrans" med andre, og heilt nødvendige, prosjekt. Det same er tilfelle med montering av automatiske ringeanlegg i kyrkjene.

**Kyrkjegardane.** Det er avsett midlar til utgreiing/forprosjekt for utviding av kyrkjegarden i Kjølaldalen.

På Sambraut treng klokketårnet vedlikehald/utskifting av bordkledning og nytt tak. Slik dette tårnet er konstruert burde all bordkledning vore utskifta med trykkimpregnert materiale. Det er førebels ikkje funne rom for midlar til dette.

### **3.2 Minikonfirmantarbeid**

Denne aktiviteten vert utført av kateketen saman med ungdomsprest og musikalsk barne- og ungdomsarbeidar.

### **3.3 Ungdomsarbeidet, Nattcafe og Ung Messe.**

Nattcafeen har vore ute av drift storparten av 2015 grunna langtids sjukmelding av ungdomspresten. Etter 1. november er Kaare Michael Christoffersen tilbake i stillinga – og Nattcafeen kom i gang att. Miljøet på fredagskveldane er svært godt. Ungdomane stiller sjølve opp for å ta vare på, og verne om, dette miljøet – og oppslutninga om nattcafeen har

auka. Ungdomspresten har også fått med seg ein kjerne av «vaksne» ungdomar som deltek på fredagskveldane; og som kan avlaste ungdomspresten ved behov.

Ung Messe hadde tidlegare ein eigen komité under leiing av ungdomspresten. Dei siste åra har konfirmantlærarane teke ansvar for dette – og det vert no halde Ung Messe ein gong i halvåret. Deltakinga og tilbakemeldingane frå messa har vore svært oppløftande. Kombinasjonen av musikk, forkynning og visuelle verkemiddel når heilt tydeleg fram til ungdomane.

Eid Felleskor er eit ungdomskor kantor nyttar ved ymse gudstenester. Sjå meir under 3.6. «Kyrkjemusikalsk arbeid»

### **3.4 Trusopplæring**

I Eid har vi godkjent plan for trusopplæringa i alle sokna våre. Når alle tiltaka skal setjast ut i livet merkar vi endå sterkare trongen for frivillige hjelparar. Sjølv om både prestane og dei fellesrådstilsette gjer alt dei kan er det ikkje mogleg for oss å rekke over alt. Det er derfor svært viktig for å lukkast med trusopplæringsarbeidet at sokneråda kjenner ansvar for, og tek aktivt del i, både planer og gjennomføring.

Trusopplæringsarbeidet er finansiert ved årleg tildeling av statlege midlar. Desse midlane er likevel ikkje nok til å finansiere både løn til tilsette og materiell til dei ulike tiltaka. F.o.m. 2016 må det difor etablerast eit samarbeid med sokneråda om finansiering av meirkostnaden. Fellesrådet må også ha midlar til trusopplæringa innanfor eige budsjett.

Det finst ein eigen nettportal for trusopplæringsarbeidet på [www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no) under logoen Størst Av Alt. Fellesrådet nyttar også denne nettportalen til årleg rapportering av tiltak og økonomi. På Kyrkja i Eid sine egne nettsider ligg det ein link direkte til vår “plass” på nettportalen.

Ellers gjennomførte vi også i 2015 ”HalloVenn” i Eid Idrettshus 31. oktober, som alternativ til tradisjonell Halloween-feiring. Sjølv om deltakinga var litt lågare enn i oppstartåret 2014 var det likevel ca. 750 personar som deltok på arrangementet! Dette tyder at det er både behov og interesse for dette tiltaket. Planlegging og gjennomføring er likevel svært krevjande for våre tilsette, som hittil har gjort dette i tillegg til andre arbeidsoppgåver. Frå 2016 vil det difor bli ein eigen komite som vert ansvarlege for sjølve gjennomføringa. Fellesrådet vil gje honnør og stor takk til både tilsette og frivillige som la ned mange arbeidstimar i planlegging, førebuing og gjennomføring!

### **3.5 Nettsider for Kyrkja i Eid**

Nettsidene våre er til stor glede og nytte i arbeidet. På desse sidene har vi m.a. lagt ut informasjon om kyrkjene våre, om gudstenester og andre kyrkjelege handlingar, om aktivitets-/kulturtilbod i Kyrkja sin regi, om tilsette og medlemmer i sokneråda og fellesrådet. Nettsidene er også eit nyttig reiskap for å få ut informasjon t.d. ved kyrkjeval, jubileum og liknande. Etter at vi også linka dette opp til Facebook-sida vår har vi nådd ut til endå fleire. Vi vonar mange nyttar nettsidene våre – og «like» Facebook-sida vår. Vi tek gjerne imot tilbakemeldingar på endring og/eller forbetring. Nettsidene finn ein på [www.eid.kyrkja.no](http://www.eid.kyrkja.no) og/eller [www.eid.kirken.no](http://www.eid.kirken.no)

### **3.6 Kyrkjemusikalsk arbeid**

Det er lagt ned mykje tid og krefter i å revitalisere det kyrkjemusikalske arbeidet. Særleg har kantor, Ralph Cupper, arbeidd mykje med dette. Konsertserien ”Aftenmusikk” er eit tiltak

som har vore tradisjon i mange år. Det er etter kvart meir og meir arbeidskrevjande å få inn sponsormidlane som trengst for å kunne engasjere musikarar og songarar. Dette er midlar vi er heilt avhengige av for å kunne halde fram dette gode tiltaket. Det er Eid Sokneråd som har økonomistyringa for "Aftenmusikk". Både soknerådet og fellesrådet har bidrege med midlar til tiltaket. Soknerådet har no nedsett eit eige musikkutval som har hovudansvar for både Aftenmusikk og andre konsertar/tilstellingar i soknerådet sin regi.

Kantor driv også orgelklubben for dei som er interesserte i å lære orgelmusikk, og han driv også ungdomskoret «Eid Felleskor» som m.a. har delteke ved fleire gudstenester.

### **3.7 Faste tiltak**

Dei tilsette arbeider med mange tiltak som går igjen år for år. Ein del tiltak, som t.d. ungdomsarbeid og dåpsopplæring, er no samkøyrt med trusopplæringsarbeidet. Felles for alle tiltaka er at vi har dyktige tilsette som gjer ein stor jobb med små ressursar. Vi er no komne til eit punkt der arbeidsbelastninga på dei tilsette er så stor at vi ikkje kan påta oss å starte nye tiltak utan å få avlastning med eksisterande tiltak – enten ved at andre tek over desse tiltaka eller at dei rett og slett vert avvikla. Meir omtale av dei enkelte tiltaka vil finnast også i årsmeldingane for sokneråda.

### **3.8 Andre utførte oppgåver**

I samband med registrering av feste av gravminne, har ein funne fram til gravminne som ein ynskjer å ivareta, sjølv om festar seier ifrå seg sitt festeansvar. Eid kyrkjelege fellesråd står då som festar.

## **4 Samarbeid med andre**

### **4.1 Kommunen og andre**

Eid kyrkjelege fellesråd samarbeider med Eid kommune, særskilt innan løns- og rekneskapsføring, men og i forhold til uteseksjonen i driftsavdelinga. Det er også samarbeid om breiband/data. Det er utarbeidd tenesteytingsavtale med Eid kommune.

I 2015 har Opera Nordfjord planlagt ein turne til fleire kyrkjer med førestillinga «Opera i kyrkja». Her vil operaen framføre kjende musikk- og dansenummer frå ulike operaoppsetningar. Både profesjonelle og amatørar deltek. Premieren er planlagt til Eid kyrkje i februar 2016.

### **4.2 Sokneråda**

Ein har prøvd å halde leiarmøte 2 gongar kvart halvår. Her deltek soknerådsleiarane, prost, sokneprest, fellesrådsleiar og kyrkjevevje. Møta er nyttige for informasjonsutveksling og for å samkøyre aktivitetar. Både grunna kyrkjeval og opplæring/kursing etter dette; samt vakanse i stillingar, har det ikkje vore leiarmøte siste halvår 2015. Dette vert teke opp at våren 2016.

## **5 Økonomi**

For 2015 vart det eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) i driftsrekneskapsen på kr 51.327,17. Det står att underskot på kr 374.492,82 frå 2013 og 2014, som enno ikkje er inndekka. Fellesrådet har ingen midlar på disposisjonsfond. Overskotet må difor nyttast til inndekking av tidlegare års underskot.

Innanfor teneste 39200 "Anna kyrkjeleg verksemd" er det eit meirforbruk på prosjekt 5010 "Trusopplæring" på kr. 148.252,45 i høve til inntektene. Dette er midlar som må dekkast av fellestrådet sitt budjett. Det er posten for "Aktivitetsrelatert materiale/teneste" som har størst overskriding då utgiftene til konfirmantar, minikonfirmantar og andre aktivitetar er førte her. I framtida må enten desse utgiftene reduserast vesentleg – eller bli finansierte gjennom avtale mellom fellestrådet og sokneråda. Grunnlaget for økonomisk deltaking frå sokneråda er allereide lagt i fellesmøte..

Det står kr 120.762,18 på bundne driftsfond. Av dette utgjer gåver til lydanlegg kr 700,-, Kurs i Nordfjord prosti kr. 64.600,-, Eid Diakonat kr 10.667,20, Nattcafeen Eid kr 22.428,54, Helgefred kr 2.366,44 og Prostidiakon Nordfjord kr 20.000,-.

Kyrkjebladet Helgefred har heller ikkje i 2015 annonseinntekter og ein er derfor avhengige av å legge inn giro i nummera som kjem ut. Likevel ser vi at utgiftene er langt større enn inntektene, og det oppsparte fondet er nærast tomt. Dette kan bety stopp i utgjeving av kyrkjebladet. Sokneråda arbeider for å få annonseinntekter f.o.m. 2016.

Det er ført opp eit nytt bunde driftsfond i 2015: Kurs i Nordfjord prosti. Dette er midlar frå Bjørgvin bispedømeråd som er avsette for å dekke pålagt opplæring/kursing av nyvalde sokneråd; samt samlingar for trusopplæringsmedarbeidarane.

På lønsbudsjettet er det ei innsparing på kr 141.189 (løn minus refusjonar frå NAV) for 2015. Det er totalt inntektsført kr 507.016 i refusjonar ved sjukdom, svangerskap og arbeidsmarknadstiltak.

Samla forbruk av lønsmidlar er 96,6 % av budsjett. I «Kyrkjeleg administrasjon» er lønsutgiftene 1,1% under budsjett, i Kyrkjene 2,3% over budsjett, i «Anna kyrkjeleg verksemd» 18,8% underbudsjett og på Kyrkjegardane 0,4% under budsjett. Innsparing på lønskostnader på teneste «Anna kyrkjeleg verksemd» skuldast at ungdomspresten var sjukmeld fram til 1. november.

Utgiftene for straum er 16,8% lågare enn budsjett. For adm./kontor er utgiftene 42,8 % lågare enn budsjett, medan utgiftene for kyrkjene er 0,4 % høgare enn budsjett. For kyrkjegardane er straumforbruket 26,6 % lågare enn budsjett. Noko av kostnadsreduksjonen skuldast nok kombinasjonen mild vinter og låge straumprisar. For adm./kontor er vi også usikre på om fakturering frå Eid Kyrkjetun til fellestrådet er ajour ved utgangen av året.

Det er ingen postar i investeringsrekneskapen som står ufinansiert ved rekneskapsavslutninga. Ubrukte investeringsmidlar er sett av til ubundne investeringsfond i balanserekneskapen. Det står no til saman kr 1.562.158,51 på ubundne investeringsfond. Dette er investeringsmidlar, t.o.m. 2015, som er avsett, men ikkje brukt.

## **6 Avslutning**

2015 var nok eit år prega av at ein har prøvd å få mest mogleg ut av ressursane ein hadde tilgjengeleg.

I trusopplæringa vert det lagt ned ein stor arbeidsinnsats for å utvikle og iverksetje tilbod for alle aldersgrupper. Både kateket, prestar og andre tilsette fortener stor ros for innsats og entusiasme i trusopplæringsarbeidet! Også frå bispedømet får Eid ros for arbeidet som vert gjort her.

Gledeleg er det også at heimesidene våre vert stadig meir nytta av innbyggjarane. Også i 2015 var våre heimesider blant dei mest besøkte i heile bispedømet utanom Bergen. Dette er eit

prov på at både web-sider og facebook-sider fungerer; og at folk finn nyttig og tenleg informasjon her! Kontormedarbeidar har vore, og er, ein svært viktig faktor for å halde desse sidene oppdaterte. Vi vonar at vi kan makte å utvikle desse informasjonskanalane vidare til felles nytte og glede.

-----  
Det mest krevjande i 2016 vert å få økonomien i tenesta Trusopplæring i balanse. Utgiftsnivået er alt for høgt i høve til inntektene – og utfordringa vert å få dette balansert i samarbeid med sokneråda. Maktar vi ikkje dette kan vi bli nøydde til å avlyse enkelte tiltak i Trusopplæringa. Kostnad med kvart enkelt tiltak, samt materiell som vert nytta, må også gåast nøye igjennom for å finne moglege innsparingar. Kva dei konkrete konsekvensane av dette vert er uråd å seie før gjennomgangen er ferdig.

Krevjande vert det også å finne rom for inndekking av oppsamla underskot innan gjeldande fristar. Ideelt sett skal underskot inndekkast innan to år. Dvs. at underskotet frå 2013 skulle vore inndekka i 2015. Dette maktar vi berre delvis. Resten av underskotet frå 2013, samt underskot frå 2014, må difor inndekkast i 2016. Når ein vurderer dette opp mot budsjettet for 2016 ser ein at vi også må nytte 2017 for å oppnå full inndekking.

Dei største investeringsprosjekta som no er prioritert er renovering av orgelet i Stårheim kyrkje, resten av utvendig maling og vedlikehald av Eid kyrkje, samt å få betra parkeringstilhøva og toalett-tilhøva ved Heggjabygda kyrkje. Heggjabygda kyrkje skal også målast utvendig i 2016.

Montering av nye lerret og projectorar, slik at vi kan gjere oss nytte av digitale hjelpemiddel, vart gjennomført i Stårheim og Eid kyrkjer i 2014. Tilsvarande er også planlagt i Kjølsdalen og Heggjabygda kyrkjer – men enno ikkje iverksett.

Fellesrådet har ein stab samansett av fagleg sterke personar som er effektive og utfører oppgåvene sine på ein god måte. Vi har og ein kommune som er positiv til arbeidet vårt. Eid kyrkjelege fellesråd vil takke spesielt tilsette ved personalavdelinga og økonomiavdelinga i Eid kommune for god hjelp og støtte i 2015.

Med tilvising til det som er nemnt ovanfor kan fellesrådet sjå tilbake på nok eit aktivt år og kan ta fatt i utfordringane som ventar med von om at vi får tilstrekkelege økonomiske rammer til at Kyrkja framleis kan nå ut med gode tenester til folket.

Nordfjordeid, 29.04.2016

  
-----  
Berit Heien Heggen  
Leiar Eid kyrkjelege fellesråd

  
-----  
Kristen Hundeide  
Kyrkjeverje i Eid